



graviDIA

for gravide med diabetes

Problem og målgruppe

Diabetes i svangerskapet er ei potensielt alvorleg tilstand. Antall gravide med diabetes aukar kraftig, vi har sett ein firedobling i Norge dei siste 15 år. I desse svangerskapa er det auka risiko for misdanningar, fosterdød og fødselskomplikasjonar. Denne pasientgruppa har derfor hyppige kontroller ved Kvinneklinikken hos eit multidisiplinært team, med ventetid og informasjonsflyt som eit problem.

Forstudie og vegen vidare

Kvinneklinikken skal gjennom eit forstudie hausten 2016 utreie behovet for digitale verktøy for gravide med diabetes. Etter forstudie starter konseptfasen kor me skal jobbe vidare med ein konkret ide, -få djupare innsikt i mulighetsrommet og kva som trengs for å realisere løysinga. Dette er ein viktig og spennande fase kor idear bli «handfast» gjennom prototypar som skal testast ut og validerast av brukarane. Etter konseptfasen starter hovudprosjektet for utvikle løysinga for ei større pilot.

Ønska mål for forstudie

Å avdekke idear til nye digitale konsept som vil være med å utbetre prosessløpet for gravide med diabetes og svangerskapsdiabetes. Erfaringar og digitale verktøy som utviklast gjennom prosjekta skal deles og distribuerast nasjonalt, gjerne via vestlandspasienten.no og helsenor.no.

Frå ide til innovasjon

GraviDIA blei kåra som vinnar [InnovasjonsCampen 2015](#) og har fått innovasjonsmidlar av Helse Vest til å jobbe vidare med ideen i et forstudie.

Kontakt

Overlege ved Kvinneklinikken Agnethe Lund | e-post: agnethe.lund@helse-bergen.no
Prosjektleder, Seksjon for e-helse Synnøve Olset | e-post: synnove.olset@helse-bergen.no